



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2012

Fylkesrådet for eldre
i Sogn og Fjordane




Foto: Asbjørn Ness

Årsmelding 2012 – Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkesrådet for eldre skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår for eldre. Rådet kan også på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemer til nemnde o.a. Valperioden 2011 – 2015 vart følgjande valt som medlem av fylkesrådet for eldre:

Medlem: Anita Nybø, 6730 Davik

Vara: Claus Kvamme, 6848 Fjærland

Medlem: Rønnaug Holmøy, 6856 Sogndal

Vara: Anne Sofie Skaar, 6996 Vadheim

Medlem: Harald Ekroll, 6793 Innvik

Vara: Arne Rognalsen, 6900 Florø

Medlem: Kristoffer Skjolden, 6868 Gaupne

Vara: Astrid Martinsen, 6872 Luster

Medlem: Eivind Skjerven, Pb. 72, 6781 Stryn

Vara: Grete Eltvik, 6900 Florø.

På møte i fylkesrådet for eldre 04.01.2012 vart det valt leiar og nestleiar:

Eivind Skjerven vart vald som leiar

Rønnaug Holmøy vart vald som nestleiar.

Britt Marie Norheim er fylkessekretær/rådgjevar i 30 % stilling. Kontorstad er Fylkeshuset, Leikanger.

Rådet er eit frittstående organ og fylkessekretær er difor fagleg ansvarleg ovafor leiaren i fylkesrådet. Personaladministrasjon for fylkessekretæren er lagt til fylkeskommunen.

Fylkessekretæren er budsjettansvarleg og har tilvisingsfullmakt til rådet sitt budsjett.

Fylkesrådet for eldre har hatt 6 møter og handsama 23 saker. I tillegg har fylkesrådet delteke på møte i samarbeidsutvalet for fylkesråda for eldre på Vestlandet. Desse møta vert arrangert på

omgang mellom fylka. I 2012 var det fylkesrådet for eldre i Hordaland som var vertskap i dagane 11. – 12. april 2012.

På dette møte vedtok dei tre fylkesråda for eldre i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane følgjande uttale:

«Tannhelse for eldre.

Fylkesråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland hadde samling i Bergen 11. – 12. april 2012. Under samlinga blei ovennevnte tema tatt opp og det var enighet om å sende en henvendelse til Statens Seniorråd vedrørende tannhelse for eldre. Bakgrunnen for dette er at fylkeseldrerådene har tatt til orde for at «Tennene er en del av kroppen» og at de har foreslått flere modeller som kan bidra til at tannhelse for eldre kommer opp på et akseptabelt nivå.

Fram til i dag kan vi imidlertid ikke se at det er kommet noen økonomiske ordninger på plass. Fylkeseldrerådene har merket seg at det legges opp til en kompetanseheving når det gjeld hjelp til stell og pleie av tenner for eldre, og det er flott. Samtidig er det et faktum at det er bevilget midler til at rusmisbrukere skal få en verdig tannpleie. Dette er fylkesrådene i de nevnte tre fylkene veldig glad for, og vi vil be om at dette også må bli innført for de eldre som har behov for dette. Vel vitende om at reaksjonen på et slikt utspill sannsynligvis vil føre til det tradisjonelle utsagnet: »vi må ikke sette svake grupper opp mot hverandre», vil vi på forhånd svare at jo, det er nettopp det politikk handler om.

Fylkesrådene i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vil på denne bakgrunn ta til orde for at det blir innført en frikortordning innenfor tannhelse tilsvarende frikortordningen som gjelder for legemidler. Dermed vil en sikre at alle som har behov for det får anledning til å ivareta tennene på en verdig måte, og en slipper å «sette svake grupper opp mot hverandre».

Vi håper Statens Seniorråd vil hjelpe oss videre med denne saken og vil sette stor pris på tilbakemelding frå dere»

Fylkesrådet for eldre saman med rådgjevar Britt Marie Norheim



Eivind Skjerven, leiar og Rønnaug Holmøy nestleiar, Harald Ekroll, medlem, Anita Nybø, polititar, Britt Marie Norheim, rådgjevar og Kristoffer Skjolden, medlem (foto: Eivind Skjerven)

Fylkesrådet for eldre arrangerte landskonferanse for fylkesråda for eldre i Norge 22. – 24. mai 2012. Tema for konferansen var Aktiv Alderdom. Konferansen var lagt til Alexandra hotell, Loen og det møtte 80 utsendingar frå heile landet. Sametinget, som oppretta eige eldreråd i 2012 møtte for første gang på konferansen i Loen.

På konferansen vart deltakarane samde om at alle skulle velja ut eit av tre tema – folkehelse, samhandlingsreforma og tannhelse som skulle handsamast på neste landskonferanse som Nord-Trøndelag skal arrangere.

Saker som fylkesrådet for eldre har sett søkelyset på er:

Lovfesta rett til sjukeheims plass:

Fylkesrådet for eldre ønskjer at det skal bli lovfesta rett til sjukeheims plass for eldre og at det i tillegg til lovfesta rett , vert sett av meir midlar til å drifta sjukeheims plassane slik at dei eldre får ei verdig omsorg på sjukeheimen.

Felles planstrategi for Sunnfjord:

Fylkesrådet for eldre ser det som positivt at kommunane i Sunnfjord går saman og lagar eit felles strategidokument.

Det er viktig at eit slikt dokument seinare forpliktar kommune til å følgje opp i samsvar med planane.

Folkehelse/samhandlingsreforma.

Alle kommunane har nemnt at dei har planar innanfor denne sektoren.

Dei har alt samarbeid på gang. Eg synes likevel at planane er lite konkrete og etter mitt syn er dei alt for seint ute for å få alt på plass i rett tid.

Vi veit at dei fleste kommunar i fylket ligg på etterskot for å få opp sjukeheimplassar i høve til trongen. Her bør planarbeidet intensiverast.

Samferdsle.

Ein kan seie mykje godt om planen for utvikle samferdselstilbodet i regionen. Det er likevel slik at “ universell utforming” er heilt fråverande i dette tilbodet.

Det ville vere rett og nødvendig og også nemne dette i eit plandokument.

Kultur.

Eg registrerar at dei eldre ikkje er nemnt med eit einaste ord under kultur. “Den kulturelle spaserstokken” er så vidt nemnt. Rådet meiner at dei eldre er ei gruppe med spesielle ønskje og trong innanfor kultursektoren.

Ein bør i større grad planlegge arrangement som i større grad er tilpassa denne gruppa.

Tannhelse for eldre:

Fylkesrådet for eldre ønskjer at det vert:

1. Gratis tannkontroll for eldre over 70 år.
2. Alle eldre over 67 år som ikkje omfattast av retten til fri tannlegebehandling, får utgiftene dekkja under eit nærmare definert eigenandelsystem.
3. Definert tidsperiode for når tiltaka er gjennomført og finansiert, maksimum 3 år.

Budsjett 2013/økonomiplan 2013 – 2016:

Samferdsle:

Serviceskyssen:

Serviceskyssen er eit viktig tiltak for dei eldre i kommunane. Eldre har høve til å bu lengre heime, når ein kan få tilbod om skyss til senter eller andre tilbod ein har i sin kommune. Fylkesrådet meiner at fylkeskommunen ikkje må redusere eller leggja ned dette tiltaket, men heller sjå på korleis ein kan omdisponere dei «tomme bussrutene» til fleire bestillingsruter der fleire i målgruppa reisande kan nyttiggjere seg av dette tilbodet. Dette tilbodet er ei god samfunnsøkonomisk investering.

Gang og sykkelveggar:

Fylkesrådet ønskjer at fylkeskommunen set fokus på fysisk aktivitet for eldre. Ved å byggja ut fleire gang og sykkelveggar i nærrområda til sentra, vil fleire ha høve til å koma seg ut i trygge omgjevnader.

Gang og sykkelvegane må brøytast og strøast og vera **godt opplyste**. Det må også lagast rasteplassar/kvileplassar på gang og sykkelvegane.

Utbetring/vedlikehald av dekket på eksisterande gang og sykkelveggar må prioriterast.

Det er viktig med parkeringsplassar i tilknytning til utfartsområder.

Haldeplassar/Skyss-stasjonar må vert universelt utforma

Kultur:

Fylkesrådet for eldre oppmodar kulturutvalet til å sjå på korleis ein kan bruke midlar til musikk og kunstoplevingar som ein del av behandlingssopplegget for eldre på institusjonar. Viser til konferanse Kultur og eldre 20. september, der ein sette søkelyset på musikkopleving for demente, jfr overlege Audun Myskja.

Den kulturelle spaserstokken:

Dette tilbudet må marknadsførast betre til kommunane. Midlane må også kunne nyttast av lokale kunstnarar.

Søknadsfristen til desse midlane må kunne leggjast meir opp til ulike aktivitetar. Ikkje måtte søka eit år før ein skal ha arrangementet. Søknadsprosedyren må kunne gjerast slik at ein søker og får tildelt midlar 2 – to – gonger i året.

Fylkesbiblioteket:

Fylkesrådet for eldre set spørsmålet om ein treng eit fylkesbibliotek? Rådet meiner at ein heller kan bruke desse midlane til dei lokale biblioteka, eller omprioritere til andre formål til eldre. Fylkesrådet for eldre ser positivt på tildeling av midlar til Sogn og Fjordane teater og Opra Nordfjord. Dette er gode tiltak, også for dei eldre.

Tannhelse:

Gratis tannhelsekontroll for eldre over 70 år må takast oppatt i budsjettet.

Deltaking i råd, utval og konferansar:

Kurs i opplæring for kommunale og fylkeskommunale eldreråd 28. februar 2012 på Skei:

Eivind Skjerven
Rønnaug Holmøy
Harald Ekroll
Kristoffer Skjolden
Anita Nybø
Britt Marie Norheim

Vestlandssamlinga 11. – 12. april 2012 i Bergen:

Eivind Skjerven
Harald Ekroll
Kristoffer Skjolden
Anita Nybø
Britt Marie Norheim

Rutemøte 2012 – Skei
Eivind Skjerven

RBU (regionalt brukarutval)Helse Vest:
Eivind Skjerven

Administrativ referansegruppe RTP (regional transport plan)
Eivind Skjerven

Kultur og eldre 20.09.12 – Førde
Eivind Skjerven
Rønnaug Holmøy
Harald Ekroll
Kristoffer Skjolden
Britt Marie Norheim

Kurs i universell utforming etter plan og bygningslova – Bergen
Eivind Skjerven
Rønnaug Holmøy
Anita Nybø
Kristoffer Skjolden
Harald Ekroll

Studie/arbeidsseminar København
Eivind Skjerven
Rønnaug Holmøy
Harald Ekroll
Kristoffer Skjolden
Anita Nybø
Britt Marie Norheim